

Sak 30-20 Bygging Melsgjerdet

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Saksutgreiing:


Anbødet på utbygging av omlastestasjonen for mat-, rest-, papir-,plast-, glas og metall – avfall på Melsgjerdet har vore på Doffin og Ted databasen sidan 23-24 mars i år.

Fristen til å levere tilbod er den 8 juni kl 12.00. Deretter skal det kontrollreknast og sjekkast om alle formalitetar er på plass, før det kjem ei innstilling.

Det er Ose AS som gjennomfører konkurransen på vegne av VØR, og dei har nytta Dammerud Kompetanse AS som fagansvarleg på sjøve innkjøpsprosessen. På tele og automatisering har dei nytta rådg.ing Webjørn Langva AS og på VVS, Riksheim Consulting AS.

Underteikna kjem til å orientere munnleg om det som kjem fram i dei opna tilboda, men ein kan ikkje vente å få vite så mykje meir før tilboda er kontrollrekna og kontrollerte i høve etterspurt innhald.

Vi håper å ha ei innstilling klar i slutten av juni, og med kontraktsignering første veka i juli, dersom prosessen går utan komplikasjonar.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar